

Norges Fjordhestlag  
Myroldhaug  
6770 Nordfjordeid

## Referat frå styremøte Norges Fjordhestlag

Møte: 08/2021  
Sted: Linnsvollen ridesenter  
(Teams for dei som ikkje kunne møte)  
Tid: Onsdag 7. juli kl.16.00

Desse møtte:  
Hege Sæther Moen  
Vidar Heggheim  
Maren Løken  
Ingvild Rydjord Hansen  
Anne Karin Høgalmen  
Giljar Groven  
Magni Hjertenes Flyum

Møtetid vart endra på grunn av at enkelte av styremedlemene måtte på premieutdeling og hadde oppgåver knytt til NM for fjordhest. Orienteringssakene vart difor gjort korte.

### **Orienteringssaker:**

Økonomi pr 15.juni 2021

Nytt fra utvalgene

Fjordhest NM - invitasjon / organisering osv. - behov for kriterier ved tildelinger senere  
- dispensasjonssøknader

Handlingsplan / fagutvalgsarbeid

NorGen – genotyping av de nasjonale hesterasene våre (stiftelsen hesteforskning – søknad 1. oktober) og rasehistorie fjordhest <https://www.nordgen.org/vara-lantrasdjur/fjordhest/>

Klagesak og dommerinnspill etter hingsteutstillinga 2021

UB og bedømming Hallingen (Starum siste uke i mai) og Heggnes Kvikken (Momarken 21.-22.august)

Høstmøte 2021

Tildeling av faste avlsmidler for 2021

Avslag fra NRYF på vår anmodning om å godkjenne navn på sammenslått fjordhestlag i Vestfold og Telemark

Klagenemd og domsutvalg for dopingsaker i regi av NHS

Organisasjonsplan – status for arbeidet

#### **Sak 38/21 Godkjenning av referat fra styremøte 07/21**

**Vedtak:**

*Styret godkjenner referat frå styremøte 07/21.*

#### **Sak 39/21 Landsfinale unghest**

**Vedtak:**

*Osterøy Fjordhestlag får arrangere landsfinalen sammen med sin kombinerte hoppe og unghestutstilling på Stend den 21. august, eventuelt 22. august. Det vert ikkje krav til kvalifisering til utstillinga, og informasjon om påmelding må ut så snart som råd.*

#### **Sak 40/21 Valg av representant til styret i NFHS fra NFL**

**Vedtak:**

*Styret innstiller Hege Sæther Moen som representant for NFL med Janne Seilen som vara.*

#### **Sak 41/21 Hvordan ivareta og publisere gentestresultater på farge (ev andre forhold på sikt)**

**Vedtak:**

*Det har kome innspel om registrering av evt resultat gentestar i stamboka. NFL melder behovet til Norsk Hestesenter og ber om ei løysing på korleis vi får registrert denne informasjonen om hestane i stamboka.*

#### **Sak 42/21 NFL – Vedtekter – behov for endring for å være tilpasset krav til Frifondmidler**

**Vedtak:**

*Det vert kalla inn til ekstraordinært årsmøte i samband med haustmøtet. Norsk Fjordhestsenter førebur utkast til nye vedtekter som støttar Frifond-krava.*

#### **Sak 43/21 Søknad koronamidler – Hingsteutstillinga**

**Vedtak:**

*NFL søker om koronamidlar i samband med Hingsteutstillinga og andre aktuelle arrangement som kjem under ordninga. Anne-Karin og Magni følgjer opp dette.*

#### **Sak 44/21 Høring av avlsplanen**

**Vedtak:**

*Avlsutvalet førebur høyring og utsending til lokallaga slik at dette kjem ut innan 20. august.*

#### **Sak 45/21 Innspel frå kåringsnemnda ang. NFLs syn på dommaretikk**

Årets kåringsnemnd har henvendt seg til NFL angående innspel som har kome til organisasjonen etter hingsteutstillinga 2021. Brevet frå kåringsnemnda inneheld faglege kommentarar, og stiller spørsmål ved kva for dommaretikk NFL står for.

Hege Sæther Moen har hatt samtalar med alle involverte i saka, i tillegg til Norsk Hestesenter. Ueinigheiter blant fjordhestdommarar må takast tak i saman med Norsk Hestesenter, som har arbeidsgjevaransvar for dommarane.

**Vedtak:**

*Styret i Norges Fjordhestlag tar innspela til vitande. NFL ber i tillegg Norsk Hestesenter handsame innspela, og vurdere den vidare dialogen med dei involverte dommarane. NFL stiller seg til disposisjon i ein slik prosess.*

*Det som har kome fram i korrespondansen etter utstillinga, tar NFL med i vurderingane når kåringsnemnd for 2022 skal oppnemnast.*

*Hege Sæther Moen vil halde fram dialogen med dei involverte på vegner av NFL framover.*

#### **Sak 46/21 Ny leder i kåringsnemnd**

**Vedtak:**

*Leiar og leiar i avlsutvalet arbeider vidare med denne saka.*

#### **Sak 47/21 Zubarus – medlemssystem**

**Vedtak:**

*Styret tek orientering om medlemssystemet til vitande. Norsk Fjordhestsenter kjem med framlegg til korleis ein kan teste ordninga med å krevje inn kontingent på vegner av lokallaga til neste styremøte.*

#### **Sak 48/21 Eventuelt**

**Vedtak:**

*Neste styremøte 24. august. Saker er mellom anna sak om høyring av avlsplanen.*